



Minnetale over Morten Harboe

Holdt på møte
21. oktober 2021

Morten Harboe

Av Frode Vartdal

Morten Harboe fekk leve eit langt og rikt liv. Heldigvis brukte han store deler av livet til å gjere livet betre og rikare for andre. Som ektefelle, far og bestefar og som forskar, universitetslærer og samfunnsbygger. Morten var beskjeden på eigne vegne og var ikkje den som framheva seg sjølv, men gledde seg over andre sin framgang. Morten var ein heidersmann og ein bauta i norsk immunologi.

Morten Harboe blei fødd 28. mai 1929 i Lavik i Sogn, der faren var distriktslege. Han sovna inn 1. april i år på St. Hans Haugens Omsorgssenter med familien rundt seg og vart bisett frå Uranienborg kirke 14. april. Morten var gift med Sissel som døydde i august året før Morten. Saman hadde dei barna Henrik, Morten og Ingrid.

Morten vaks opp i Kragerø, der faren var lege i dei harde 30-åra og under krigen. Det var ei tid med til dels stor sosial naud og der mange døydde av tuberkulose i ung alder. Dette gjorde eit sterkt inntrykk på unge Morten og var kanskje ein viktig grunn til hans sosiale engasjement seinare i livet. I 1947 flytta familien til Gjøvik, der han tok examen artium i 1947.

Morten studerte medisin i Oslo. Etter turnusteneste og militærteneste starta han i 1958 på sitt doktorgradsarbeid på Rikshospitalet med professor Jon Lundevall på Rettsmedisinsk institutt som veileiar. Tittelen på avhandlinga som han disputerte med i 1961 var «Studies on the gamma globulin serum groups». Den omhandla studiar av genetisk bestemte variantar av ulike antistoff-molekyl. Morten var den første som identifiserte to ulike variantar av desse molekyla, nemleg Gm(x) og Gm(b). Harboe følgde opp

desse studiane som postdoktor i 1961 og 1962 i Henry Kunkels forskningsgruppe ved Rockefeller University i New York.

Då Morten kom heim etter opphaldet USA i 1962, blei han tilsett ved Institutt for eksperimentell medisinsk forskning ved Ullevål sykehus, der han bygde opp ei særdeles sterk forskningsgruppe. Seinare i 1983 flytta han til Institutt for generell og revmatologisk immunologi på Rikshospitalet, der han var leiar fram til han gjekk av med pensjon i 1999.

Morten publiserte sin første artikkel i 1959 og den siste i 2019. Det betyr at Morten var vitenskapelig aktiv i 60 år. Han arbeidde på mange ulike felt av immunologisk forskning, men var særleg kjent for sine bidrag til forskning på leprabasillen *Mycobacterium leprae* og den nært beslekta *Mycobacterium tuberculosis* som er årsaka til tuberkulose. Etter at han vart pensjonist i 1999 forska han på funksjonen til komplementsystemet i forskningsgruppa til professor Tom Eirik Mollnes på Immunologisk institutt på Rikshospitalet.

Morten blei dosent ved Universitetet i Oslo i 1966 og utnemnd til professor i 1972. Det var det første professoratet i immunologi her i landet. Året etter vart Olav Tønder i Bergen også professor i immunologi. Harboe og Tønder skapte kvar for seg sterke forskingsmiljø med mange særdeles dyktige forskarar. Med dette starta desse to ein kjedereaksjon som gjorde at norsk immunologi tidleg fekk ein veldig sterk posisjon internasjonalt og som gjer at norsk immunologisk forskning no blomstrar som aldri før med mange verdslieande forskingsgrupper. Harboe og Tønder var på mange måtar var gudfedrane i norsk immunologi.

Morten engasjerte seg sterkt for å utvikle forskning og undervisning ved Det medisinske fakultet ved Universitetet i Oslo, først som prodekan i åra 1971 til 1973 og som dekan frå 1977 til 1979. Som universitetslærer var Morten oppteken av å kunne formidle kunnskap basert på den aller beste forskinga, og han var ein glimrande forelesar. Morten var veldig oppteken av at forskarar skulle bruke solide metodar. Det såkalla Harboe-kurset som var eit to-vekers metodekurs var så populært blant legar og biologar, at det mange år var «overbooka».

Morten var mykje nytta som opponent i inn- og utland. Det var ingen «walk-over» å møte Morten som opponent og han nølte ikkje med å ta tak i svake sider i eit doktorgradsarbeid, men gjorde det alltid på ein venleg og konstruktiv måte. Som alltid var han sterk i sak, men mild i form.

Saman med Jacob Birger Natvig ga han ut læreboka Medisinsk immunologi som har vore standardverket for fleire generasjonar medisinstudentar. Morten og Jacob etablerte i 1972 også «Scandinavian Journal of Immunology», der dei to var redaktørar fram til 1999. Som det offisielle tidsskriftet til «The Scandi-

navian Society of Immunology» medverka dette tidsskriftet til å bygge sterke nettverk mellom immunologiske forskingsmiljø i Norden og med dette til at immunologi har blitt eit fag som har ein særleg sterk posisjon i desse landa.

Morten var ikkje berre ein framifrå forskar og universitetslærer, men var i like stor grad oppteken av at forskning skulle kome samfunnet i stort til gode. Han var mellom anna veldig oppteken av global helse, særleg etter at han blei den første direktør ved «Armauer Hansen Research Institute» i Addis Abeba i 1969. Dit tok han med seg familien som var der saman med Morten det første året inntil instituttet var ferdig etablert og kunne offisielt opnast av keisar Haile Selassie i 1970.

Instituttet som er oppkalla etter bergensaren Armauer Hansen som oppdaga leprabasillen, har naturleg nok fokusert på studiar av leprabasillen klinisk, epidemiologisk og aller mest i laboratoriet. Morten brann for denne forskinga og var i mange år styreleiar på instituttet. Samtidig var han engasjert i fleire internasjonale organisasjonar som arbeidde med førebygging og behandling av lepra. Etter at han blei pensjonist hadde han og kona Sissel fleire lange opphald på instituttet i Addis Abeba. Våren 2020 var det meininga at Morten saman med sine tre barn skulle besøke instituttet for å delta i feiringa av at det var 50 år sidan keisaren hadde opna instituttet. Diverre måtte reisa kansellerast på grunn av Corona-epidemien. Sjølv var eg så heldig å få besøke instituttet i 2013, og der var det ingen tvil om kven som var den store helten.

Instituttet fekk i mange år betydeleg økonomisk støtte frå Redd Barna og den svenske søsterorganisasjonen Redda Barnen. Dette gjorde at Morten blei engasjert i Redd Barna, først som medlem av hovudstyret og seinare som formann i hovudstyret.

Morten fekk ei rekke utmerkingar og tillitsverv. Han var utnemnd til ridar av 1. klasse av St. Olavs Orden. Han fekk Anders Jahres pris for yngre medisinske forskarar i 1968 og var formann i utdelingskomiteen for Anders Jahres medisinske prisar mellom 1979 og 1987. Likeeins var han formann i Den norske kreftforening i fire år frå 1988. Dessutan var han medlem av Det Norske Videnskapsakademi og Kungliga Svenske Vätenskaps Akademin.

Morten og Sissel var glade i musikk og særleg likte dei Abba, både musikken og filmen Mamma Mia som dei såg fleire gangar. Det passa difor fint at organisten i Uranienborg kirke spelte «Thank you for the music», då Morten blei boren ut av kyrkja. Mange i inn- og utland takkar Morten for alt han har betydd for dei. Måtte minnet om Morten leve lenge!

Til slutt vil eg lyse fred over Morten Harboes minne.